

Førespurnad om forlenging av prosjektet Filmatisk Formidling

Bergen Offentlige Bibliotek ber med dette om utviding av prosjektperioden for Filmatisk Formidling for å ytterlegare utforske bruken av filmene i skule, og implementere metoden i drift.

Samarbeidsbiblioteka våre i Fedje, Alver og Voss er orientert og stiller seg bak førespurnaden.

Framdrifta i prosjektet har blitt noko forsinka av utskifting av deltakande formidlarar i samarbeidskommunane, og at to av nøkkelpersonane i prosjektet hos Bergen Offentlege Bibliotek er i permisjon i haust.

Produksjonsdelen av prosjektet er ferdig for samarbeidskommunane sin del, men vi ønsker å bruke den siste fasen på å ferdigstille filmar, legge til rette for vidare produksjon, bruk og samarbeid.

Vi har også planlagt ei nettsidevisning som skal ha eit oppsett som liknar ei strøymeteneste, denne er vi tvungne til å utsette då det er planlagt nye nettsider for Bergen Offentlige Bibliotek som ikkje vil kunne bruke den same programvarene som vi har testa det ut med. Til dette er på plass vil filmene bli tilgjengelege på Bergen Offentlege Bibliotek sin youtubekanal.

Aktivitet i prosjektet så langt

Prosjektet si oppstart blei utsett frå januar 2021 til april 2021 ,på grunn av koronarestriksjonar på fysiske verkstader.

9. mars: Møte for å avklare forventningar.

12. April: Heildags, digital verkstad om manus, dreiebøker, performativ formidling og sosiale medium.

12. April gjennomførte vi ein heildags verkstad om manus, dreiebøker, formidling og sosiale medium. På grunn av restriksjonar måtte denne gjennomførast digitalt.

15.juni: Verkstad over to dagar der formidlarane frå samarbeidskommunane: Vi filma dei ferdig planlagde filmene og sette i gong formidlarane sin prosess fram mot ein tilsvarande verkstad i november.

4. oktober: Dreiebokmøte.

4.November: Dreiebok og førebuing.

16. November: Verkstad over to dagar der formidlarane frå samarbeidskommunane: Vi filma dei ferdig planlagde filmene og sette i gong formidlarane sin prosess fram mot ein tilsvarande verkstad i mai 2022.

2022

07. april: Oppstart og gjennomgåing av idear og dreiebøker(digitalt)

02. mai: Gjennomgåing og tilbakemelding på dreiebøker.

05. Mai: Prosjektpresentasjon på Nasjonalbiblioteket på seminaret «Formidlende omstendigheter»

18. mai: Siste finpuss på manus og dreiebøker.

25. mai: Verkstad over to dagar for å filme dei gjenståande filmene.

15. September: Vi byggja ei Filmatisk Formidlings-hylle der barn kan sjå filmene og plukke med seg boka i biblioteket i Bergen.

28. November: Vi presenterer prosjektet under Haakon Nyhuus-seminaret.

Skisse for 2023

Februar: Vi startar samarbeidet med våre utvalde skular for å få meir kunnskap og erfaring om bruken av filmene i skulen.

Vår: Vi lanserer visningssida på Bergen Offentlige Bibliotek sine nettsider.

Mai/Juni: Ein avsluttande verkstad med fokus på produksjon på mindre bibliotek.

Vi håper at utviding av prosjektperioden let seg gjere, og ser fram til å fullføre prosjektet i 2023.